

Protokoll

HAUGALANDSRÅDET 1/23

DATO: fredag 26. april 2024

TID: 09.00 – 14.30

STED: Dalanaustet, Utsira

TIL STEDE

Karmøy kommune:	Leiv Arne Marhaug, Vibeke Vikse Johnsen
Haugesund kommune:	Nils Konrad Bua, Ole Bernt Thorbjørnsen
Tysvær kommune:	Monika Lindanger, Sigurd Eikje
Utsira kommune:	Marte Eide Klovning, May Britt Jensen
Bokn kommune:	Rannveig Foss Øvrebø, Ingeborg Skjølingstad
Sveio kommune:	André Mundal Haukås, Jostein Førre
Vindafjord kommune:	Ole Johan Vierdal, Yngve Folven Bergesen
Suldal kommune:	-
Sauda kommune:	Håvard Handeland, Vegard Thise
Etne kommune:	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Filippo Ballarin
Rogaland fylkeskommune:	Svein Erik Indbjo, Gunn Claire Westad
Andre:	Silje Rødeseike og Kjetil Jacobsen (DWO), Arnstein Eek (Utsira kommune)
Andre:	Sigmund Lier, Gunn Evy Auestad, Ingvild Haugen, Tora Eide (Haugaland Vekst)

Velg et element.

SAKSLISTE

Sak 15-24: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Samrøystes godkjend.

Sak 16-24 Godkjenning av protokoll frå sist møte

Vedtak: Samrøystes godkjend.

Sak 17-24 Grøn energihub Haugalandet – nye arbeidspakkar

Ingvild Haugen og Tora Eide frå Haugaland Vekst følgde opp vedtaket i rådet 9.februar 2024 (sak 4-24) om å laga eit utkast til korleis arbeidet med grønt industriløft og havvind kan vidareførast. Den nye strategien har fått namnet «Energihub Haugalandet» og er ei omstrukturering av havvindsatsinga inn i ein heilskapleg strategi for grøen energi og grøen industri.

Styreleiar oppmoda rådet om ikkje å fatta vedtak i saka, då den handlar om korleis Haugaland Vekst jobbar og ikkje om rådet sitt arbeid. Den bør difor handsamast som ei orienteringssak, ettersom Haugalandsrådet IPR og Haugaland Vekst IKS no er to separate selskap. Det er styreleiaren sitt syn at arbeidsmetode i Haugaland Vekst ikkje burde ha vore ein del av rådet sitt vedtak i sak 10-23 den 21.april 2023 (Havvindstrategi for regionen).

Vedtak: Haugalandsrådet tek Haugaland Vekst sin arbeidsmåte i høve til arbeidspakkane til orientering. Rådet har tiltru til at målet i havvindstrategien blir ivareteke i justeringar i arbeidsform.

Sak 18-24 Internasjonalisering

Oppfølging av vedtak i sak 9-24 i Haugalandsrådet 9.februar 2024: *Haugalandsrådet ber Haugaland Vekst utrede sak for rådet med ulike alternativ for å styrke regionens arbeid mot Europa, og samarbeid med europeiske aktører.*

Sauda og Utsira la fram positive erfaringar med sine medlemskap i regionskontora og gjennom KS sitt arbeid inn mot EU. Haugesund og Tysvær kommune påpeika at dei nyleg har meldt seg ut av Stavangerregionens Europakontor (SREG) og ikkje har politisk støtte til å starta ein prosess med å melda seg inn igjen.

Det blei føreslått å melda seg inn i eit av regionskontora i Europa som region eller via Haugaland Vekst, og ikkje som enkeltkommunar. Eit nytt vedtak i SREG opnar for at organisasjonar med regions- og næringslivsinteresser kan søkja om å bli partnerar. Regionen kan nytta seg av KS for å få aktuell informasjon frå EU. Haugalandet har også ein link inn til SREG via Rogaland fylkeskommune, som er vertskapsorganisasjon for kontoret.

Vedtak: Saka blei teken til orientering. Internasjonalisering i Vegkartet blir sett i samanheng med rullering i Vegkartet for Haugalandet 2021-2025.

Sak 19-24 Satsing på moglegheitsområde mat (havbruk og landbruk)

Matproduksjon (havbruk og landbruk) er eit av fire moglegheitsområde i Veikartet for Haugalandet 2021-2025, men har hittil ikkje blitt jobba med av administrasjonen grunna ressursmangel. Ingvild Haugen i Haugaland Vekst la fram forslag til framdriftsplan for utarbeiding av ein matstrategi for Haugalandet.

Det blei stilt spørsmål ved kva ein regional strategi skal bidra til. Det var også eit ønske å framskaffa faktagrunnlag som viser status i landbruket på Haugalandet og våre fortrinn.

Vedtak: Saka blir utsett. Haugalandsrådet ber administrasjonen følgje saka vidare saman med styret i Haugaland Vekst IKS.

Sak 20-24 Landbrukskonferansen – framtidig organisering

Rådet ønskjer at landbrukskonferansen skal vidareførast og at Haugaland Vekst får ei rolle.

Vedtak: Rådet ber styret i Haugaland Vekst IKS ta dette arbeidet vidare.

Sak 21-24 Nedsetting av nye ressursgrupper og workshop

Rådet gjennomførte ein workshop der rådsmedlemmene diskuterte kva ressursgrupper det er ønskeleg å oppretta i tillegg til den eksisterande ressursgruppa på samferdsel. Det blei også diskutert kva kampsaker og talepunkt som bør jobbast med i dei ulike gruppene. Rådet ønskjer få ressursgrupper og få kampsaker for å kunne jobba kraftfullt på prioriterte område.

Vedtak:

Rådet avventar ei oppsummering av workshopen og utset vedtaket om nedsetting av ressursgrupper til neste rådsmøte 7.juni 2024.

Sjå oppsummering og notat frå workshopen i vedlegg.

Sak 22-24 Ressursgruppe samferdsel

Gruppeleiar Ole Johan Vierdal orienterte om erfaringar og status i arbeidet. Erfaringane er gode. Det har blitt jobba både med aksjonar i forkant av NTP (Bakka-Mo), høyringsuttale til NTP og ein komande Hordfast-aksjon i Oslo den 15.mai. Bakka-Mo blei tatt med i NTP. Inntrykket er at gruppa sitt påverknadsarbeid bar frukter. Det blir sett på som ei viktig erfaring å stå løpet ut og aktivt bruka rådsmedlemmene sine partipolitiske kanalar.

Sak 23-24 Kompetanseplan Rogaland – felles høyringsuttale (orienteringssak)

Sak 24-24 Møteplan for Haugalandsrådet og AU (orienteringssak)

Sak 25-24 Høyring: Langtidsplan Forsvaret

Vedtak: Haugalandsrådet tok saka til orientering

Sak 26-24 Nytt frå Haugaland vekst – orienteringar

Sigmund Lier orienterte om det regionale rekrutterings- og omdømearbeidet, Haugaland Skole og Arbeidsliv (HSA) og arbeid med Statnett sin områdeplan for Haugalandet. Rådet blei oppmoda om å poengtera viktigheita av å byggja trinn 3 og 4 i tråd med plan, framskunda trinn 5 og å motarbeida forslaget om nytt fjordspenn over Karmsundet og Førresfjorden.

Deep Wind Offshore (DWO) orienterte om konsekvensane av nok ei utsetjing av Utsira Nord til 2025. Selskapet la i tillegg fram ein ny ringverknadsanalyse gjennomført av Menon Economics. Å vera først ute, gir dei største lokale ringverknadene, ifølgje selskapet.

Sak 27-24 Eventuelt.

Leiv Arne Marhaug
Leiar Haugalandsrådet

Sigmund Lier
Dagleg leiar, Haugaland Vekst

Kopi: Kontrollutvalssekretariatet